


HØNEBOKA MI



LÆRARRETTLEIING

Høneboka *mi* er laga av Norges Bondelag som ein del av Den grønne skolen, og er eit av fleire lærings- og aktivitetshefte om mat og landbruk for barn.

Målet med heftet er:

- at barna skal tilegne seg grunnleggande kunnskap om høna og kva den produserer
- å auke lysta til å ville lære meir om landbruk og matproduksjon
- å gi deg som pedagog ei fagleg støtte som er rask og enkel å setje seg inn i

På dengronneskolen.no finst det undervisningsopplegg og endå meir fagleg innhold for barn i grunnskulen. Bruk gjerne denne for meir inspirasjon og innhold, og for å kome i kontakt med bønder som tilbyr gardsbesøk og undervisningsopplegg.

Vi ønsker deg lykke til og håper boka bidrar til å skape engasjement blant barna. Gjerne kontakt oss på bondelaget@bondelaget.no for spørsmål eller tilbakemeldingar.

Venleg helsing Norges Bondelag.


Design: Bransjen

Tekst: Kari Ramstad, revisert av Norges Bondelag


OM HØNA

Høns har i over 8000 år vore viktige for oss menneske. Frå høns får vi egg og kjøt. Opphavleg trur vi dei stammar frå jungelen i India. Her er det funne dei første teikna på at menneske tok vare på høns og samla egg.

Dei aller fleste høns er kledd med fjør, og det blir kalla fjørdrakt. På føtene har dei ikkje fjør, men skjelhud. Høns kan kome i mange ulike fargar – frå helt kvit, brun eller svart til spraglete i mange ulike fargar. Høns har ikkje tenner, men dei har nebb. Nebbet bruker dei til å hakke opp maten sin, fjerne insekt i fjørdrakta og romstere i bakken med.



HØNER OG HANAR



Dekalb White



Fotbefjøra dverg



Silkehøns



Norsk jærhøns

Den vanlegaste høna i Noreg blir kalla Dekalb White og er ekspert på å legge egg. Silkehøns er ein annan hønevariant som liknar på ein kvit ulldott, mens Norske jærhøns ofte er spraglete brune og svarte med kvite stripel.


Egga vi kjøper i butikken, kjem frå høner som blir kalla verpehøns. Ei slik høne legg om lag 330 egg i løpet av livet sitt. Fargen på egget heng saman med fargen på hønas øyreflipp. Lyse høner gir gjerne kvite egg, mens raudde og brune høner ofte gir brune egg. Nokre spesielle hønserasar kan faktisk gi blå egg! Sjølv om fargen kan vere ulik, er innhaldet i egget likt for alle rasane.

I Noreg er det mest vanleg med høner som går saman inne i store rom. Desse romma blir kalla hønsehus. Høner er mest innandørs for at dei ikkje skal bli smitta av sjukdommar frå andre fuglar, men nokre har også luftehagar. Inne i hønsehuset legg hønene egg i verpekasser. Høner likar godt å vere litt opp frå bakken for å ha oversikt. Kanskje det er fordi forfedrane satt på greiner i trea i jungelen? Alle høner skal ha ein pinne å sitte på samtidig. Denne pinnen blir kalla ein vagle. Når ei høne skal vaske seg, kastar ho sand over ryggen og reinsar fjøra med nebbet sitt. Dette blir kalla eit sandbad eller strøbad.

VISSTE DU AT...

I hønsefamilien blir hoa kalla høne, hannen blir kalla hane, og nyklekka ungar blir kalla kyllingar.

KVA KOM FØRST



HØNA ELLER EGGET?

Høna bruker kring 26 timer på å legge eitt egg. For at eit egg skal bli ein kylling, må det vere ein hane i flokken. Hanen parar seg med høna. Høna legg seg ned når hanen kjem, og han trampar på henne for å pare henne. Etter paringen kan høna legge egg som blir til kyllingar i opptil tre veker etterpå.

Høner som legg egg vi kjøper i butikken, veks sakte og blir ikkje særleg store. Når vi et kylling, er kyllingane frå rasar som er spesialiserte på å vekse fort og bli

store. Desse rasane blir brukt til kjøtproduksjon. Høne- og kyllingkjøt er faktisk det kjøtet som blir ete mest av i heile verda.


Eggeplomma inneholder det som skal bli kyllingen. Eggevitnen er matpakka til kyllingen. Den inneholder vatn og andre viktige stoff. Det viktigaste for at egget skal bli ein kylling, er at det held seg varmt heile tida. Hønene ligg derfor oppå eggna heile dagen og natta når dei ikkje et. I moderne landbruk blir det brukt rugekasser.

Frå eggat er lagt av høna, tar det om lag 21 dagar før det blir ein kylling. Eggat må bli snudd fem gonger om dagen. Høna gjer dette på instinkt, og rugekasser snur også eggna og held dei varme.




Når det nærmar seg 21 dagar, vil eggeplomma straks vere ein liten kylling som vil ut av eggat sitt. Kyllingen har i løpet av dagane inni eggat utvikla ei lita eggetann som den bruker til å kakke hol i eggat. Etter ei lita stund byrjar den sakte, men sikkert å bryte opp meir av eggeskalet for å kome seg ut. Når kyllingen har blitt for stor for eggat, og har ete opp alt som er inni, kryp den ut. Då seier vi at kyllingen blir klekt.

KYLLINGEN



Alt frå dei første timane etter at den har kome ut av egget, et kyllingen kraftfør og drikk vatn. Viss det er ei høne som har ruga kyllingen fram, lærer ho den opp til korleis den finn mat.

Kyllingar veks veldig fort og kan bli dobbelt så store etter berre nokre veker. Når kyllingane er små, er det vanskeleg å sjå forskjell på om dei er høner eller hanar. Etter eit par veker har det vekse ut ein liten kam på hovudet. Kammen til hanen er ekstra stor og kraftig.



Kyllingar er leikne og treng å ha ting å leike med for ikkje å kjede seg. Ei av yndlingslekene til kyllingar er «meitemark-sistene». Dei plukkar opp eit strå og spring av garde. Då spring dei andre kyllingane etter for å prøve å ta det dei trur er ein meitemark.

EGG INNEHELD NESTEN ALT DU TRENG


I Noreg et vi mykje egg. I gjennomsnitt et vi om lag 200 egg kvar i løpet av eitt år. I påska et vi nordmenn 26 millionar egg. Det er ganske lurt, fordi egg innehold veldig mange næringsstoff som er bra for oss.

Egg kan bli brukt til, og i, det aller meste. Mange bruker det i middagar, kaker, dessertar, kokt eller steikt. Nokre et også rå egg. I Noreg har vi så friske høner og lite sjukdommar at det er heilt trygt å ete rå egg. Dette kan derimot vere ganske farleg i andre land.

Kan du kome på nokre matrettar som er laga av eller med egg?

VISSTE DU AT...

Til påske er det vanleg å måle på egg? Det blir gjort ved at ein lagar eit hol i kvar ende av egget og bles ut innhaldet.




ER DET EIT RÒTE EGG?

Viss du nokon gong har lukta på eit ròte egg, gløymer du aldri lukta. Det luktar som ei blanding av sterk prompelukt og vaskemiddel.

Egg held seg likevel gode veldig lenge. Men korleis veit du om egget er for gamalt utan å opne det? Slik er testen: Legg egget i ei skål med vatn.

- Viss det søkk, er det ferskt.
- Viss det står rett opp og ned, er det nokre dagar gammalt, men kan fint etast.
- Viss det flyt, er det ròte.



FRÅ MAT TIL BÆSJ

Høner og andre husdyr ser ganske ulike ut. Høna har blant anna eit nebb ho bruker for å hakke opp mat og rote i bakken med. Etter at maten er hakka opp, samlar ho det i ein liten mage som blir kalla kro. Denne blir som ein liten samlepose der maten er, før den blir sendt vidare til neste mage. Då går maten til magen som blir kalla kråsen, og som inneholder småstein som høna har funne på bakken. Sidan høns ikkje har tenner til å tygge med, er det kråsen som knusar maten og mel den til små bitar. Det gjer ho for at resten av magen og tarmane skal kunne ta opp den viktige næringa.

Når kroppen har tatt til seg den gode maten, blir restane sendt ut av kroppen som bæsj. Høna, og andre fuglar, tissar og bæsjar i same klump. Hønebæsj er faktisk veldig mykje brukt i blomsterbed for at blomstrane skal vekse seg store og fine. Det heiter hønsegjødsel.


Høner et kraftfôr. Kraftfôr til høner ser ut som små avlange flis. Desse «flisene» blir kalla pellets og er finmale korn som er mosa saman med mange andre stoff som er sunt og godt for høner. Det kan likne litt på frukostblanding.



KAN HØNER OG KYLLINGAR FLYGE?

Høner og kyllingar liknar veldig på andre fuglar. Men dei er ikkje gode til å flyge. Derimot kan ei høne springe fort på bakken og flakse ganske langt. Når forfedrene til høna budde i jungelen, var dei også dårlege flygarar, men dei var raske med tanke på storleiken sin. Slik slapp dei unna å bli ete av rovdyr.

Fordi vi menneske har tatt vare på høna, har ho blitt tyngre og derfor dårlegare til å flyge. Men framleis er ho ein god flaksar.



VISSTE DU AT...

Høna er den etterkomaren etter dinosaurane som liknar mest på Tyrannosaurus Rex?

Høner og kyllingar har betre syn enn oss menneske. I tillegg til vanleg lys, kan dei sjå ultrafiolett lys. Ein kylling vil derfor sjå om sola er så sterkt at du blir solbrent eller ikkje.

Høna har ein oljekjertel under stjerten (rumpa) som skil ut olje som høna spreier utover fjørene for å gjere fjørdrakta til ein regnfrakk.



Sjekk ut dengronneskolen.no for aktivitetar og undervisningsopplegg om natur og landbruk.

